



Blåresept § 5 Medisinsk forbruksmateriell og Blåresept § 6 Næringsmiddel

Blå resept § 5: Medisinsk forbruksmateriell

Medisinsk forbruksmateriell vert dekkja over blåreseptordninga § 5, med til saman 14 punkt, dei mest sentrale punkta er:

- § 5 pkt. 1: Bleier og anna utstyr ved inkontinens
- § 5 pkt. 2: Kateter og anna utstyr ved urinretensjon
- § 5 pkt. 5: Stomiumstyr til stomiar frå urinvegar og tarm
- § 5 pkt. 14: Måle- og administrasjonsutstyr

Det er berre forbruksmateriell som er oppført i [Helfo sine produkt- og prislistar](#) som vert dekkja på blå resept, pasienten betalar vanleg eigenandel inntil frikort er oppnådd.

I rundskrivet til forskrifta er det spesifisert dersom det er spesielle vilkår for forskriving, blant anna om det utstyret må skrivast spesielt eller om det er begrensa kor mykje som kan skrivast på blå resept i løp av året. [Sjå rundskrivet her](#).

Forbruksmateriell som må forskrivast spesielt, som enkelte produkt til stomi-behandling, [sjå informasjon på Helfo sine sider her](#).

Spesielt om måle- og administrasjonsutstyr:

Utstyr det kan ytast stønad til:

- målebeger og sprøyter som blir brukt til medisinerings gjennom munnen
- sprøyter og kanyler som blir brukt til å sette legemiddel subkutant eller intramuskulært

Det er presisert i rundskriv til blåreseptforskrifta at «Måle- og administrasjonsutstyr til parenteral ernæring (intravenøs behandling), epidural behandling og subkutan behandling (butterfly og subkutan infusjonskanyler) dekkjes ikke etter blåreseptforskriften. Utstyr til enteral ernæring som gis via nasogastrisk sonde, perkutan gastrostomi (PEG), gastrostomiport eller gastrostomisonde, dekkjes heller ikke etter blåreseptforskriften». Sjå også «[Utstyr og forbruksmateriell som blir dekkja av helseføretaka](#)».

Blå resept § 6: Næringsmiddel

Sjukdom som hindrar tilførsle av vanleg mat eller opptak av viktige næringsstoff, gir grunnlag for stønad til næringsmiddel på blå resept. Pasientar med kreft/immunsvekt eller annan sjukdom som medfører så sterk svekking at næringsstilskot er nødvendig, får også dekkja næringsmiddel på blå resept. Svekinga må vere ein direkte konsekvens av sjukdommen, det å vere kresen eller ha dårleg matlyst er ikkje grunn god nok for stønad etter § 6.



Før det blir gitt stønad til næringsmiddel, er det krav om kost-tiltak i tråd med dei fire første steg i ernæringstrappa vere forsøkte utan tilstrekkeleg effekt. Det finst nokre tilstandar som er unntatt kravet, blant anna: svelgparese og alvorlege svegvanskar, behov for langvarig sondeernæring, behandling med cytostatika, strålebehandling og andre medisinsk omsyn til at kosttiltak ikkje er gjennomførbare eller hensiktsmessige.

[Krav og vilkår for næringsmiddel på blå resept er detaljert skildra i rundskrivet om næringsmiddel.](#)

Søknad om næringsmiddel på blå resept skal gjerast elektronisk. For parenteral ernæring må det søkjast via § 3a (også elektronisk), sidan parenteral ernæring er klassifisert som legemiddel. Den elektroniske søknadsløysinga krev mange opplysningar, men det er god rettleiing undervegs. [Sjå også presentasjonen om søknadsløysinga \(frå 2020\).](#)

Ved bruk av elektronisk søknadsløysing vil dei fleste få automatisk svar på søknaden, men dersom Helfo må behandle søknaden manuelt må pasienten som hovudregel betale næringsmiddelet fullt ut. Når vedtak føreligg, betalar pasienten berre eigenandel for næringsmiddelet. Eigenandel skal berre betalast inntil pasienten har fått frikort for det aktuelle året.

Kostnader til næringsmiddel i perioden før vedtak frå Helfo, blir refundert i etterkant ved å sende kvitteringane til Helfo innan seks månader frå kjøp. Næringsmiddelet må då vere kjøpt på resept, slik at reseptopplysningar går fram av kvitteringane.

Parenteral ernæring og sondeernæring kan utleverast på blå resept før vedtak føreligg, jfr. ein-månadsregelen. Dette gjeld berre etter resept frå sjukehus (ved utskriving/poliklinisk konsultasjon) og ved utlevering frå sjukehusapotek. Resepten må vere påført utskrivingdato eller konsultasjonsdato, søknad må vere sendt og behandlinga må starte opp umiddelbart eller ikkje kunne avbrytast i påvente av behandling av søknaden.

Det blir i utgangspunktet berre ytt stønad til næringsmiddel som er oppført på [Helfo si produkt- og prisliste](#). Stønad til næringsmiddel som ikkje står i lista, er mogleg dersom det er særlege grunnar til dette. Årsaka til at produkt frå produkt- og prislista ikkje kan brukast, skal også gå fram av søknaden. Dokumentasjon for bruken av eit produkt som ikkje står i lista, må leggest ved søknaden. Søknaden må i desse tilfella komme frå spesialist.

Oppdatert august 2022.